

Handlingsplan mot mobbing!

SOLVORN SKULE



Utarbeidd August 2006 -
-revidert april 2015

Handlingsplan mot mobbing

§ 9 A opplæringslova: Alle elevar i grunnskulen har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Mål for Solvorn oppvekstsenter, skule.

Me vil at alle skal trivast på skulen vår, og at elevane skal utvikla ansvarskjensle, evne til omsorg og til sosial omgang.

Mål for handlingsplanen.

Å førebygga og avdekka mobbing på skulen og på skulevegen.

Å løysa ein mobbesituasjon etter dei retningslinjene som denne planen gir.

Definisjon av mobbing:

Ein person er mobba når han eller ho, fleire gonger og over ei viss tid, er utsett for negative handlingar frå ein eller fleire andre personar.

Mobbing kan føregå fysisk, psykisk, verbalt eller ved utestenging. Det må og vera noko ubalanse i styrkeforholdet.

Det er viktig å avklara omgrepet mobbing med elevar, føresette og tilsette, for å kunna skilja mellom uskuldige og alvorlege handlingar.

Førebygging:

Systemnivå:

Personalet må ha felles normer for det førebyggande arbeidet.

Pedagogiske samtalegrupper som tek opp problem og avgjer kva som er akseptabel åtfærd ved skulen.

Personalet må samarbeida og støtta kvarandre i det førebyggande arbeidet, og i løysing av eventuelle mobbesituasjonar.

Inspeksjonssystem. Faste reglar for inspeksjon ute.

Loggskrivning om uønska åtfærd etter inspeksjon.

Informasjon om Olweus, og skulen sine retningslinjer til nye lærarar.

Spørjeundersøking skal gjennomførast i oktober/november for 4.-7. trinn kvart år.

Klassenivå:

Felles norm for akseptabel åtfærd i klasserommet, i friminutta og ved felles samvere.

Klassereglar: Kontaktlærar og elevar utarbeider klare reglar for klassen.

Klassemøte: Faste møte i klassen om miljøet.

Kontaktlærar har ansvar for gjennomføring av klassemøte.

Arbeida med klassemiljøutvikling og psykososial kompetanse.

Alle klassar med.

Avdekking:

Endringar i eleven si åtfærd kan vera teikn på mobbing:

- sjuk utan å vera sjuk
- held seg nær dei vaksne
- vil ikkje ut i friminutta
- står, går mykje åleine
- er mykje saman med yngre elevar
- konsentrasjonsvanskar
- skuleprestasjonane vert dårlegare
- er triste/deprimerte
- meldingar eller hentydningar om plaging eller mistrivsel

Kven:

- lærar tek opp temaet mobbing:
- som fast innslag i elevsamtalar
- som fast innslag i foreldresamtalar
- jamnleg i klassemøte

Kollegiet tek opp temaet mobbing:

- jamleg på personalmøte
- ved mistanke om eventuelle mobbesituasjonar

Kvar:

Dei vaksne må registrera uforklarleg endring av åtfærd hjå einskildelevar og grupper av elevar.

- i klasserommet
- i korridorar
- i garderobar
- på skulen sitt uteareal

Heim og skule må registrera negativ åtfærd mot einskildelevar også på skulevegen.

Tiltak

Registrering av mogleg mobbesituasjon vert teke opp i kollegiet.

Dei vaksne observerer situasjonen over ei viss tid, t.d. 2 veker, og tidspunkt for tilbakemelding vert fastsett.

Dersom observasjonen avdekkar mobbing, vert tiltaka ein finn under problemløysing sett i verk.

Problemløysing

Kontaktlærar og rektor skal saman syta for at tiltaka under problemløysing vert gjennomført.

Samtale med mobbeofferet:

-eleven har læraren si støtte

-læraren tek ansvar for å få slutt på mobbinga

-eleven får fortelja om situasjonen (viktig å fokusere på handlinga – ikkje på negativ omtale av mobbar)

-orientera mobbeofferet om kva som skal skje vidare

-orientera foreldre

-avtala nytt møte innan ei veke

-samtale med foreldre

NB! Mobbeofferet er ikkje ansvarleg for prosessen.

Samtale med plagar(ane):

Er det meir enn ein plagar, fører ein først individuelle samtalar.

Læraren gjer det klart for eleven at han/ho veit at eleven tek del i mobbing og at dette ikkje vert akseptert.

Plagaren får fortelja om situasjonen:

-plagar vil ofte rettferdiggjera eigne handlingar ved å gjera offeret ansvarleg for mobbinga (offer vert ofte framstilt som provoserande, aggressiv osv)

Plagar må ikkje få medhald i dette.

Gå ikkje inn i diskusjon med vedkomande (gjer det klart at ingenting rettferdiggjær mobbing).

Lærar viser at han/ho har tru på eleven, og prøver å få eleven med på å ta avstand frå mobbing.

Gripa tak i eventuelle konstruktive utsegn som kan byggast vidare på.

Få eleven til å forplikta seg på positiv åtferd.

Dersom det er kun ein plagar, avtalar ein eit nytt møte (snarleg etter nytt møte med mobbeofferet).

Samtale med mobbarane i rask rekkefølge utan at dei får snakka saman.

Dersom det er fleire plagarar går ein vidare til gruppesamtalar.

Samtalar med foreldre.

Gruppesamtalar med plagarene:

Gruppesamtalar må skje umiddelbart etter dei individuelle samtalarane.

Lærar informerer om kva som har kome fram på dei individuelle samtalarane.

Få gruppa til å forplikta seg på positiv åtferd.

Orientera om at mobbeofferet er informert

Avtala nytt møte (etter nytt møte med mobbeoffer).

Informasjon til foreldre.

Gruppesamtalarane bør halda fram heilt til situasjonen er løyst.

Dersom gruppa ikkje følgjer opp avtalane, går ein over til individuelle samtalar att.

Reaksjonar.

Dersom ein ikkje lukkast i å løysa problema og mobbinga held fram, vert det reaksjonar ovanfor plagarane.

NB! Plagarane skal tidleg i prosessen bli informert om at reaksjonar kan bli sett i verk.

Reaksjonane bør tilpassast den einskilde elev. Like reaksjonar kan verka negativt på gruppa.

Jmfr. Inspeksjonsrutinane, sanksjonar v/uønska åtferd.

Reaksjonsformer:

Plagar(ane) si åtferd vert gjort kjend i klassen.

Plagar(ane) si åtferd vert diskutert i klassen.

Plagar(ane) må følgja inspiserande lærar i friminutta.

Plagar(ane) må vera på rektor sitt kontor i friminutta.

Plagar(ane) må venta på skulen til offeret er kome heim etter skuletid.

Gruppesamtale med plagar og mobbeoffer:

Gruppesamtale vert gjennomført når problemet nærmar seg ei løysing.

Gjennomgang av det som har hendt.

Korleis har ting fungert?

Korleis er situasjonen no?

Partane vert samde om kva som kan gjerast for å halda på den positive utviklinga.

Avtala nytt møte om ca. 3 – 4 veker.

Samtalar med føresette:

Dersom ein avdekkjer mobbing og set i verk problemløysingstiltak, skal føresette til både plagar(ar) og offer kallast inn til samtale.

Samtale med føresette til mobbeofferet.

Samtale med føresette til plagar(ane).

Eventuelt felles møte mellom føresett til plagar(ar) og offer.

Ein bør og ha oppfølgingsmøte med dei føresette.

Dersom samtalanane ikkje fører fram, må ein få hjelp frå helsesyster/ PPT/ barnevern.

Gjennomføring av samtalar:

Kven som leier samtalanane kan variera frå sak til sak.

Saker som gjeld ein og same klasse er det naturleg at kontaktlærar tek seg av.

Kven som skal leia samtalanane må klargjerast straks ein set i gong problemløysingstiltak.

I fellesmøte med føresette til plagar(ar)/offer skal også rektor vera med.

Rektor må syta for at det vert sett av tid til samtale:

- lærar/lærar

- lærar/elev

" Me vil at alle som tilhøyrrer skulen i Solvorn skal trivast her.»

Vedlegg:

Inspeksjonsrutinar ved Solvorn skule

Rapportskjema for mobbesakar

Klassereglar

Inspeksjonsrutinar ved Solvorn oppvekstsenter

1. Hovudregelen for alt personale skal vera å byggja opp og utvikla positive haldningar og ansvar for skrivne og uskrivne reglar, normer og det som er allment godkjent. Dette kan skje gjennom samtalar og samvere i det daglege i skulekvardagen.
2. Det er ein vakt ute i kvart friminutt + evt assistent. Vaktene nyttar refleksvest. I tida medan elevane et skulematen sin, har ein eiga vakt i klasseromma.
3. Vakta skal vere på plass til rett tid og leggja vekt på å ha best mogleg oversikt (også i garderobar/gangar). Ein skal gripa inn i tilhøve/situasjonar der handlingane er. Det kan oppstå situasjonar og konflikhtar av så alvorleg slag at vakta finn det naudsynleg å kontakta rektor.
4. Kontaktlærar skal alltid få melding om hendingar.
5. Elevane skal ut av klasseromma i friminuttane, og lærarane forlet difor ikkje romma og garderobane før alle er ute. I særlege tilhøve, sjukdom o.l. kan elevane få lov å vera i klasseromma. Det same gjeld om vèret er svært dårleg. Vakta tek sjølv avgjerd om slike unntak i samråd med rektor.
6. Elevane skal halda seg på skuleområdet i friminutta. Har dei ærend utanfor, spør dei kontaktlærar om løyve. Kontaktlærar må då gi beskjed til vakta.
7. Avgjerder om mellombels avvik frå desse reglane og naudsynte tilleggsavgjerder blir tekne av rektor i samråd med personalet.
8. Alle avgjerder etter desse retningslinene må vera i samsvar med "Forskrift for grunnskulen".

Rapportskjema- Solvorn skule

Kven vert utsett for mobbing?	
Kva var det som hende?	
Tidspunkt for hendinga	
Kven har meldt saka til leiinga, PPT og når?	
Kva tiltak vert sett i verk?	
Underskrifter	<hr/>
	Dato Meldar av saka Rektor
Vurdering av saka undervegs, og ved slutten av skuleåret.	

Klassereglar mot mobbing

- 1. Me skal ikkje mobbe andre!**
- 2. Me skal prøve å hjelpe elevar som vert mobba!**
- 3. Me skal vere ilag med elevar som lett vert åleine!**
- 4. Dersom me veit at nokon vert mobba, skal me fortelje det til lærarane og dei heime.**

Solvorn, 19.04.15

Grete Marie Skårhaug Solvi

-rektor/styrrar-